



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Fredriksen	Arkivkode: FA-Q52, TI-&30
Arkivsaksnr: 18/1562	Løpenr: 18/8038
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	23.10.2018	015/2018

Forslag til parkeringsplan

23.10.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Byggesakshandsamar Nina Fredriksen orienterte om planen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 015/2018 Vedtak:

Forslag til parkeringsplan skal gje eit grunnlag for vidare arbeid med ein heilheitleg plan for parkeringsregulering i kommunen på offentleg gategrunn og tilgjengelege kommunale parkeringareal. Naturutvalet tilrår at det vert utarbeida ein konkret parkeringsplan og slutte seg til det nasjonale parkeringsregistert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til parkeringsplan skal gje eit grunnlag for vidare arbeid med ein heilheitleg plan for parkeringsregulering i kommunen på offentleg gategrunn og tilgjengelege kommunale parkeringareal. Rådmannen tilrår at det vert utarbeida ein konkret parkeringsplan og slutte seg til det nasjonale parkeringsregistert.

Dokument som er vedlagt:

Parkeringsplan_ferdig forslag NU_3 (L)(193716)

Tabell (L)(193717)

Kva saka gjeld:

Hovudformålet med parkeringsregulering og håndhevelse av denne i Samnanger, er å skape ein trafiksikker og ryddig parkeringssituasjon, samt å sørge for framkommelegheit og tilgjengelegheit for alle trafikantgrupper. Vidare er parkeringspolitikken eit viktig virkemiddel for unngå feilparkeringar langs offentleg veg gjennom bustadområde.

Fra 1.1.2017 vart det innført nytt regelverk om parkering. Det kom ny parkeringsforskrift om vilkårsparkering og det vart gjort justeringer i forskrift om offentlege parkeringsgebyr. Også i forhold

til skilting: Fra 1.7.17 skal alle parkeringsplassar, som er opne for alle, vere skilta likt. I hovudsak vil alle plassar utanfor ferdselsåre vere skilta med eit kvitt skilt med svart P. Kommunen kan sjølv utføre kontrolltjeneste med vilkårsparkeing, jf. fagleg opplæringskompetanse i § 9 i parkeringsforskrifta.

Link til det nasjonale parkeringsregisteret er her:

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/reiseinformasjon/parkeringsregisteret#/kart/63.990556,12.307778,3?k=mx5ee>

Link til Norpark: <http://norpark.no/om-norpark/>

Forslag til parkeringsplan skal gje eit grunnlag for vidare arbeid med parkeringsplanen. Dei aktuelle areala er samla i ein tabell, og det er foreslått antall plassar for forflytningshemmede. På Bjørkheim er det i dag ein skiltplan, og her er det foreslått underskilt(vilkår). I tillegg er det også foreslått parkering på eit areal ved gjestebrygga på Bjørkheim. Langs offentleg veg i Lønnebakken er det foreslått parkering forbudt skilt, dette er også foreslått lang fv 136 Aldalen-Nesodden.